

Bortbestilt sidan september!

04.11.2009



Björg Inga presenterer eit fristande pinnekjøttlager. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Pinnekjøttet som Friheim Gardsmat har produsert dette året har vore bortbestilt sidan før oktober. Det opplyser Bjørn Inga Friheim Miljeteig når ho presenterar det fristande lageret oppunder taket i eldhuset for uskedalen.no. Der heng det pinneribbe tett i tett klar for røykjing.**

- Men det kan vel produserast meir?
- Vi satsar berre på eigne lam. av økonomiske grunnar. Skulle vi kjøpa kjøt av Fatland, ville vinna gå opp i spinninga. Difor er ikkje det aktuelt.
- Men pinnekjøttet frå Friheim går vel ikkje berre til kundar i Uskedalen?
- Slett ikkje, vi har kundar både i og utanfor dalen, eg nemner i fleng Oslo, Husnes, Rosendal, Rogaland og Røldal. I Røldal har vi til dømes ein kunde som kvart år kjem i drosje for å henta kjøttet!
- Og kva så med produksjonen av annan julemat?
- Vi kjem også til å laga sylteflesk og fårerull, men det set vi i gang med nærare jul, seier Björg Inga.

Friheim Gardsmat er forøvrig ein av dei som har fått fyldig omtale i boka til Otto Ersland om lokale matprodusentar i Sunnhordland. Denne boka vil bli lansert neste fredag - 13. november - får vi opplyst hos bokhandlarane i Kvinnherad.

Av Ola Matti Mathisen